

# SKOGLEKENE

## Oppdrag Vårteikn i skogen

### Oppgåve

De skal besøkje nærskogen og leita etter ulike vårteikn hos plantar og dyr. Lag ein plakatt med teikningar og bilete av vårteikn.

På turen skal klassen finna ein fin plass i skogen, der de kan sitja og nyta våren. Når de kjem tilbake til skulen skal kvar enkelt formulera ei setning om korleis du opplever våren. Skriv ned setninga og les den for dei andre i klassen.

Finne eit tre i nærleiken av skulen som er lett å besøkje. Lag ein hypotese og undersøkk korleis t.d. temperatur, nedbør og sol påverkar utviklinga av blada/nålene om våren. Lag ein kort rapport og presenter resultatet for ein annan klasse.

### Innlevering

- Bilete av plakaten
- Alle setningane om eiga oppleving av våren
- Eit døme på ein rapport

### Mål

Målet er å øva elevane i å sjå etter endringar i naturen og skapa ei forståing for at desse endringane påverkar både menneske og dyr. Elevane skal også læra at våren er grunnlaget og starten på vekstsesongen i naturen. Gjennom erfaringar skal klassen kunna gjera greie for nokre av utviklingstrekk i naturen på denne tida av året.

### Kompetansemål

Naturfag:

- gjøre rede for hvordan organismer kan deles inn i hovedgrupper, og gi eksempler på ulike organismers særtrekk
- stille spørsmål og lage hypoteser om naturfaglige fenomener, identifisere variabler og samle data for å finne svar
- skille mellom observasjoner og slutninger, organisere data, bruke årsak-virkning-argumenter, trekke slutninger, vurdere feilkilder og presentere funn

Norsk:

# SKOGLEKENE

- presentere faglige emner muntlig med og uten digitale ressurser
- utforske og beskrive samspillet mellom skrift, bilder og andre uttrykksformer og lage egne sammensatte tekster
- beskrive, fortelle, argumentere og reflektere i ulike muntlige og skriftlige sjangre og for ulike formål

## Kunst og håndverk

- tegne form, flate og rom ved hjelp av virkemidler som kontraster, skygge, proporsjoner og perspektiv
- designe og lage en utstilling som viser fram prosess og produkt

## Forslag til gjennomføring

Det finst mange ulike typar vårteikn. Her er nokre døme:

Snøen som smeltar rundt rota på treet

- Eit frø spirer
- Fuglekvitter
- Dyr i aktivitet
- Utvikling av blomstrar
- Observasjon av ulike typar insekt

I dette oppdraget kan de også registrera dyr ved hjelp av korte film- og lydopptak. De treng ikkje å senda inn film eller lydopptak, men me må vita kva de har filma og registrert. Mange fuglar er lettast å registrera tidleg på morgonen, medan mange dyr er mest aktive om kvelden, når det byrjar å bli mørkt. Delar av dette oppdraget er derfor godt eigna som heimearbeid.

Utviklinga til trea er avhengig av geografisk plassering. De bestemmer sjølv når og kvar lenge de skal følgja utviklinga av blad- og nåler og registrera vêret. Me tilrår å følgja treet i minimum to veker og registrera vêret og utviklinga to til tre gonger i veka. Dette er ei fin oppgåve og gjennomføra rett etter eit friminutt, i samband med kroppsøving eller andre fysiske aktivitetar i skulekvardagen.

I dette prosjektet skal de også beskriva deira eiga oppleving av våren. Det finst mange måtar å presentera dette på. De kan samla alle setningane på eit eige ark, laga lappar og hengja opp i klasserommet eller laga ein digital presentasjon. Her finst det mange kreative og morosame løysingar.

På nettsida vår finn du nokre oppgåver som kan gi hjelp eller gi inspirasjon til arbeidet med oppdraget vårteikn i skogen:

- [Kartlegge biologisk mangfold](#)
- [Registrering av spetter, finker og meiser](#)
- [Bjørkesirup- bjørkesaft](#)

# SKOGLEKENE

Det er opp til dykk å bestemma innhaldet i rapporten, men eit forslag på innhald er:

- bilete av treet
- skildring av kvar treet veks
- hypotesen
- resultatet og konklusjon

Klassen kan jobba med rapporten i fellesskap, som individuelt arbeid eller som gruppearbeid, men berre eit eksemplar skal sendast inn til juryen.

**Lykke til med oppdraget!**